

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 59/2006

Møtedato: 14.11.06

Arkiv nr:

Områdetiltak – finansiering av delprosjekt om ”Grøn omsorg og grøn turisme”

Interimstyret orienterer om framdrift i prosjektet i rapport datert 9. november:

Interimstyret har fått tilsegn om 75.000.- kr frå dei statlege stølsmidlane til delfinansiering av tiltak som kurs i foredling av mjølk, grøn omsorg på stølen m.m. (Total kostnadsramme er 489.000.- kr). Områdetiltaket vil søke kommunen og fjellstyret om 30.000.- kr kvar til medfinansiering av dette delprosjektet. Vi ynskjer å utvikle tilbodet ”Opp på stølen”, som er stølsvarianten av ”Inn på tunet” - grøn omsorg i landbruket. Prosjektet har vekt stor interesse sentralt, og andre regionar ynskjer no å gjennomføre liknande tiltak. Frå 2007 er det oppretta eit nytt utviklingsprogram for Grønt reiseliv over jordbruksavtalen. Virkemiddelpotten er på 25 millionar kr og vi håpar å få vår del av denne potten.

Fjellstyret har tidlegare fått oversendt orientering om delprosjektet i skriv datert 31.4.06.

Søknad om kr 30.000 i tilskot kjem i tillegg til finansiering av prosjektstilling til hovudprosjektet.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å støtte tiltaket med kr 30.000.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.11.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Interimstyret for områdetiltaket ”Heime og på støle”